

Skulehelsetenesta i grunnskulen

Anita Haugestad Haugsjå er helsesyster ved Tveit skule - Nissedal ungdomsskule, Kyrkjebygda oppvekstsenter og Fjone skule.

Anne Karin Grimstveit er psykisk helsearbeider for barn og unge på Tveit skule - Nissedal ungdomsskule, Kyrkjebygda oppvekstsener og Fjone skule.

Foreldre og elevar oppfordrast til å ta kontakt ved behov.

Skulehelsetenesta er ei lovpålagt tilbod til alle, og er ei vidareføring av helsestasjonsarbeidet. Målet med tenesta er å fremje psykisk og fysisk helse, gode sosiale og miljømessige forhold og førebyggje sjukdom og skader.

Helsesyster, psykisk helsearbeider for barn og unge, jordmor, helsestasjonslege og fysioterapeut samarbeider om skulehelsetenesta i Nissedal kommune.

Kontaktpersonar

- Helsesyster er kontaktperson for skulehelsetenesta og har kontor/ trefftid på Tveit skule - Nissedal ungdomsskule kvar måndag frå kl. 08.30 til 12.00.
- Psykisk helsearbeider for barn og unge har kontor/ trefftid på Tveit skule - Nissedal ungdomsskule kvar tysdag frå kl. 12.30 til 14.30.

Det er ikkje fast kontortid på grendeskulane, men planlagte besøk.

Her ser du skulehelseprogrammet:

Klasse Program

2. Vaksine DTP-IPV m/ samtale om helsa
3. Syntest, høgde og vektmåling
4. Tannhelse (tannpuss og kosthald)
5. Undervisning om kosthold og pubertet + fysioterapeut observerer motorikk
6. MMR-vaksine + samtale om helsa
7. HPV-vaksine for jenter x 3.
- 5.-7. Suppegruppe (jenter)
8. Tannhelse (syreskade), rusfyrbygging x 8. Syntest, høgde og vektmåling.
9. Individuelle samtaler - lege/helsesyster

Klasse Program

10. Vaksine (DTP-IPV). Undervisning om samliv og seksualitet.
10. 10. klassesdag på Fjone